

Liastølen med fyldig sommarprogram

Oase på Beitostølen

Kvar helga i både juli og august er det formidling av kultur og historie rundt dei slitte tømmerveggane i det gamle Liasælet.

TOR HARALD SKOGHEIM
tor.harald@avia.no-valdres.no

BEITOSTØLEN: Det startar no laurdag, då Bergit Bolstad fortel om gamle mattradisjonar i Valdres. Seinare på dagen fortel Odd Arne Rudi om skifer, og på sendag vil Bente Hermansen seie litt om det å ha ein hage 900 meter over havet.

Kulturberar

Det var Magnus Sandberg som etablerte Liaстølen, som ein fredleg oase midt i sentrum på travle Beitostølen. Han er gamle toma hus og ein frodig hage med urter og andre planter.

Dottera Solveig tok over ansvaret i 2010, og har utvikla Liaстølen til ein base for allsidig kulturformidling. I fjor fekk ho kulturprisen i Øystre Slidre for dette viktige arbeidet.

Frå Vinje til veving

Helga 7. og 8. juli blir det foredrag om Vinje og andre fjellpolin i bygden våre, og eitt om valdrisar på flyttefot.

Helga etter fortel Trond Vidar Vedum om fuglar i fjellet, og Bodvar Sonstad ek for seg dei viktige humlene. Det blir også demonstrasjon av gamle strikketeknikkar og av inkavev.

Stelsbok og stolsost

Laudag 21. juli vil Gunnar Haug og Frode Rolandsgard fortelle om boka dei har laga om stelsbø i Vestre Slidre. Dagen etter blir det foredrag om fjernsætring i Valdres-fjella.

Siste helga i juli er det fokus



HYGGELEG OG INTERESSANT: Det gamle Liasælet er ein triveleg stad for kos med kaker og kaffe, og ikkje minst for formidling av kultur og historie knytt til Beitostølen, Øystre Slidre og Valdres elles.

FOTO: ELSE RØNNEVIG

på stelsmat, og på laurdag kjem Olestølen. Mikrostøy med smakebitar frå osteproduksjonen dei driv på Olestølen.

Sendag 29. juli blir det langeleikspel, folketonar og tradisjonsong, ved Gunnor Hegge og Gro Arneng.

Det blir også litt om smiing.

Allsang og turisme

Fyrste helga i august er det slåttedag - og litt om tågarbeid, det siste ved Randi Lauvrud.

Laurdag 11. august blir det allsang ved Liv Levgren og Torgeir Onstad (på trekkspel), og

dagen etter blir det fortalt om stolsliv og turisme på Haugster ved Vinstervatnet.

Frå tutips til bunad

Sandag 18. august blir det tips å få om greie fjellutar i området Beitostølen - Valdresflye.

Dagen etter blir det fortalt om Fagerstrand Hotel, det blir innslag om tre- og knivarbeid, om smiing og om tjærebrenning.

Siste augusthelga blir det om eventyr og seigner frå Valdres, og Bodil Enger viser og fortel om hovudplagg og anna tilbehår til bunader og folkedrakter.



OPNAR LAURDAG: Solveig Sandberg (t.h.) saman med Trine Melby, ei av mange gode hjelparar på Liaстølen. FOTO: ØYVIND LUND